

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar:	Cecilie Solli	Arkiv:	K2-L40 K3-&00
Arkivsaksnr:	26/1599 26/1599-12		

Forslag til lokal forskrift for bruk av restlysførsterkande og termisk siktemiddel ved jakt på hjort i ope terreng

Utval:	Møtedato:	Saksnr.:
Plan- og miljøutvalet	01.09.2026	072/26

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommune opnar gjennom lokal forskrift for bruk av restlysførsterkande og termisk siktemiddel ved jakt på hjort i ope terreng. Forslag til lokal forskrift vedlagt i saka leggst ut på høyring med 3 ukers høyringsfrist.

Grunngjeving er at det er nødvendig for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg hjortebestand. Termisk/restlysførsterkande siktemiddel vil være eit verktøy som gjer det lettare å ta ut dei riktige dyra.

Heimel for vedtaket:

Viltressurslova § 26, Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst § 29a.

Klageadgang:

Det er etter forvaltingslova §28 høve til å klage på enkeltvedtak. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klageinstans er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Klaga skal sendes om kommunen.

Saksgang:

Forslag til høyring av ny forskrift vert lagt fram for Plan og miljøutvalet i Sula kommune, i dette saksframlegget, som vil kunne gjere vedtak om å legge forskrift ut til høyring og offentleg ettersyn.

Samandrag:

Ny viltressurslov tredde i kraft 1. juli 2026 og erstatta den tidlegare viltlova frå 1981. Ei av endringane i regelverket er at kommunane no kan opne for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort gjennom lokal forskrift.

Kvar kommune må sjølv vurdere behovet og eventuelt vedta forskrift, dersom høg hjortebestand fører til alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser. Bruken skal vere avgrensa til jakt i ope terreng, og jegarar som nyttar slikt utstyr skal rapportere dette ved hjortefall i Hjorteviltregisteret.

Endringa i viltressurslova gir kommunane eit nytt forvaltningsverktøy for å oppnå ei meir målretta og effektiv bestandsregulering av hjort, samstundes som ansvaret for å opne for bruk av teknologien blir lagt til det lokale nivået.

Forslag til forskrift er vedlagt saka.

Saksopplysningar:

Ny viltressurslov, i kraft frå 1. juli 2026, gir heimel for regulering for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel gjennom forskrift om utøving av jakt, felling og fangst § 29a. Etter denne føresegna kan kommunen fastsetje lokal forskrift som opnar for bruk av slike siktemiddel under jakt på hjort, når det er nødvendig for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg hjortebestand.

Bruken skal avgrensast til jakt i ope terreng. «ope terreng» er i denne forskrifta meint med terreng som stort sett er fritt for hindringar. Døme på dette er åker, eng og beitemark, bygningar og tre. Det kan også vera opne areal på skogmark, som hogstflater, naturlege opningar utan høgt feltsjikt- og buskvegetasjon og område der skogen er høgstamma og glissen.

Dersom kommunen opnar for bruk av termisk og restlysforsterkande siktemiddel skal kommunen vurdere behovet for vidareføring av forskrifta minst kvart femte år. Kopi av vurderinga ved ny eller revidert forskrift skal sendast til Landbruksdirektoratet. Jegerar som nyttar restlysforsterkande eller termiske siktemiddel ved felling av hjort, skal rapportere dette i Hjorteviltregisteret.

Lovendringa gir kommunane eit nytt verkemiddel i den lokale hjorteforvaltninga, og legg til rette for at kommunar med særlege utfordringar knytte til høg hjortetettheit kan vurdere om bruk av slik teknologi kan bidra til ei meir målretta og effektiv bestandsregulering.

Eit termisk siktemiddel registrerer varmestråling frå menneske, dyr, køyretøy og andre objekt. Siktet dannar eit bilete basert på temperaturforskjellar og kan derfor brukast både i mørke og på dagtid. Varme objekt vil skilje seg tydeleg ut frå omgjevnadene.

Eit restlysforsterkande siktemiddel forsterkar det naturlege lyset som allereie finst, til dømes månelys eller stjernelys. Dette gjer at brukaren kan sjå betre i mørke, samtidig som biletet liknar meir på det ein ser med det vanlege synet. Slike sikte er avhengige av at det finst noko lys å forsterke.


Den viktigaste skilnaden er at eit termisk siktemiddel ser varme, medan eit restlysforsterkande siktemiddel forsterkar lys.

Norsk institutt for naturforskning gjennomførte ein spørreundersøkelse i 2025 om bruk av termiske hjelpemidler under jakt. Over 6000 svarte på spørreskjema. Spørreundersøkelsen viste at 36,6% av felte hjort i 2024 ble felt med termisk kikkertsikte.


Sula kommune har over tid hatt ein stor og aukande hjortebestand. Hjorten er ein viktig ressurs for jaktutøvarar og grunneigarar, men høg bestandstettleik fører også til utfordringar i form av beiteskadar på innmark, skog, auka risiko for viltpåkøyrslar og høge avskytingsmål for hjort.

50% av 78 hjort som vart felte i 2025 i Sula kommune blei felt på innmark, data henta frå hjorteviltregisteret.no. Hjorten beiter ofte på innmark i samband med den mørke delen av døgnet.

Ansvar for å opne for bruk av teknologien blir lagt til det lokale nivået, her Sula kommune.



Figur 1: Talet påkøyrsla av hjort i Sula kommune frå 2015-2025.



Figur 2: Talet felte hjort i Sula kommune frå 2015-2025.

Vurderingar:

Forskrift om utøvelse av jakt, felling og fangst seier at ein kommune kan opne for bruk av termisk/restlysförsterkande siktemiddel når det er nødvendig for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg hjortebestand. Sula kommune har over tid hatt ein høg og aukande hjortebestand som fører til utfordringar i form av beiteskadar på innmark, viltpåkøyrer, sjå figur 1 og behov for høge avskytings mål. Sula kommune har fått tilbakemelding frå gardsdrivar om utfordringar med beiteskadar.

Sula kommune vurderer at bruk av termiske og restlysförsterkande siktemiddel kan vere eit eigna verkemiddel for å bidra til nødvendig bestandsregulering og dermed redusere skade på natur- og samfunnsinteresser.

Forvaltningen skal i henhold til Nasjonal hjorteviltstrategi legge vekt på at viktige individer spares og at ein feller dei små og mindre viktige individer. Det er viktig med eit stort nok uttak, men ein må også sikre å ivareta ein naturlig kjønns- og aldersstruktur ved å bevare tilstrekkelig andel vaksne produksjonsdyr.

Termisk og restlysförsterkande siktemiddel gjer det lettare å oppdage og identifisere hjort under dårlige lysforhold. Fleire jegerar fokuserar på å felle dei rette individa og ved jakt på ope terreng i mørke vil ein ved bruk av termisk eller restlysförsterkande siktemiddel lettare klare å skilje på kva som er det rette individet. Det blir lettare å ta ut riktig dyr under kontrollerte forhold og samtidig bidreg slike siktemiddel til tryggare skot og redusert risiko for skadeskyting på grunn av at ein ser betre.

I Sula kommune blei det i 2025 felt 78 hjort, sjå figur 2, 50% var hjort som blei skote var på innmark. Hjorten oppsøker ofte innmark i skumring, natt og morgontimar. Sjølv om kommunen ikkje har data for tidspunkt for felling, er det rimeleg å leggje til grunn at ein del av jaktutøvinga på innmark skjer under krevjande lysforhold. Spørreundersøkelsen utført av Norsk institutt for naturforskning viste at ein høg andel av hjorten ble felt i 2024 med termisk kikkertsikte. Ein kan tru at noke av hjorten felt i 2024 og 2025 vart felt med termisk kikkertsikte.

Bruk av termiske eller restlysforsterkande siktemiddel kan gi jegeren betre moglegheiter til å identifisere dyret og vurdere skotsituasjonen under dårlege lysforhold. Grunngevinga for det er at termisk/restlysforsterkande sikte ofte blir brukt i samband med posteringsjakt på innmark. Avstandane til hjorten blir ofte kort og det blir rolige situasjonar der jegeren har god tid. Ved bruk av termisk eller restlysforsterkande sikte er det lettare å plassere skotet riktig samanlikna med tradisjonelle kikkertsikte under dårlege lysforhold.

Ansvar for sikker jaktutøving ligg hos kvar enkelt jeger uavhengig av utstyr som jegeren velg å ta i bruk.

Vurdering etter naturmangfoldslova §8 - §12

Kunnskapsgrunnlaget etter naturmangfoldslova §8 er vurdert som tilstrekkeleg. Bruk av termisk eller restlysforsterkande siktemiddel vil ikkje i seg skjøl medføre fysiske inngrep i naturen eller endringar i leveområde for hjort.

Naturmangfaldlova §9, føre-var-prinsippet er vurdert. Bruk av termisk og restlysforsterkande vil vere begrensa til hjort og kvotane som er satt og har dermed ingen usikkerheit på konsekvens.

Naturmangfaldlova §10 økosystemtilnærming og samla belastning er vurdert til at ein bruk av slike siktemiddel ikkje vil føre til ei auka belastning enn det som er regulert gjennom jakt.

Naturmangfaldlova §§ 11 og 12 er vurdert til å ikkje bli vesentleg påverka.

Konklusjon med grunngiving:

Sula kommune ønsker å opne, gjennom lokal forskrift, for bruk av restlysforsterkande og termisk siktemiddel ved jakt på hjort i ope terreng. Forslag til lokal forskrift er lagt ved i saka. Forskrift vert lagt ut på høyring i 3 veker. Det er vurdert at omsynet til å få forskrifta på plass innan rimeleg tid etter jaktstart vektleggast og derfor blir det ei kortare høyring enn det som normalt vert nytta.

Grunngeving er at det er nødvendig for å avverje alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som følgje av høg hjortebestand. Termisk/restlysforsterkande siktemiddel vil vere eit verktøy som gjer det lettare å ta ut dei rette dyra.

Tittel	Dok.ID
Forslag til forskrift - Sula kommune	